

Årsrapport for Strandebarm sokn 2024



Medlemmer i Strandebarm sokneråd:

F.o.m valet i 2023 er desse medlemmer:

Jorunn Brurok Lillefosse (skrivar), Renate Bakkely Nernes (styremedlem), Tor Håkon Berge (nestleiar), Margun Mikkelsen Tordal (leiar) og Vetle Karlsen Eide (møter som sokneprest).

Varamedlemmer: Lenie Hoogerbrugge / Helena de Groen, Lillian Hjartåker Fosse og Kjell Hoff. Desse blir innkalla til kvart møte.

Representantar i Kvam kyrkjelege fellesråd:

Tor Håkon Berge (vararepr: Renate Bakkely Nernes), Margun Mikkelsen Tordal (vararepr: Jorunn Brurok Lillefosse).

Årsmøtet for 2023 vart halde 17.03.24, rett etter gudstenesta.

Kasserar og revisor:

Torleiv Ljones har på frivillig basis vore kasserar også i 2024. Han gav beskjed om at han ynskjer å slutta 31.12.24 i dette vervet. Takk til Torleiv for alt arbeidet han har gjort for soknerådet! Han har fått blomebukett og takk for innsatsen.

Ny kasserar frå 01.01.2025 er Gunnar Helle, Strandebarm.

Revisor for 2024 har vore Leidolv Berge. Han vil halda fram i dette vervet.

Antal møte og behandla saker i soknerådet i 2024:

8 møte med 62 handsama saker.

| | 2023 | 2023 | 2024 | 2024 |
|--|-------|----------------------------------|-------------------|----------------------------------|
| | | Antal deltakarer/ type arbeid | Antal arrangement | Antal deltakarer/ type arbeid |
| Gudstenester i kyrkja (inkludert skule- og konfirmantgudst, pilegrimsvandring) | 24 | 1785 | 25 | 1852 deltakarer |
| Besøk i barnehage | ----- | | 4 | ----- |
| Babysang, Småbarnstreff, Kyrkjekino, Legoklubb, Krølletreff, Vandring gjennom Bibelen, Påskevandring, Krubbevandring, 4-årsbok, 6-årsbok | ----- | | ----- | ----- |
| Sundagsskule | 0 | ----- | 7 | I gjennomsnitt 9 deltakarer |
| Eldretreff, i samarbeid med Vikøy og Øystese sokn | ----- | | 9 | ----- |
| Integreringsarbeid | ----- | | ----- | Ja |
| Samarbeid med kommunen sitt psykososiale kriseteam, ilag med andre sokn | ----- | | ----- | Ja |
| Fellesgudstenester | ----- | | 8 | ----- |
| Gudstenester på Strandebarm omsorg | ----- | | 0 | ----- |

| | | | | |
|--|--------------|-------------------|----------------------|--|
| Andaktar på Strandebarms omsorg | ----- | | 11 | ----- |
| Julefest/ Medarbeidarfest | 1 (Julefest) | Ca 30 (julefest) | 2 | Ca 25/ 25 på begge arr |
| Frivillige i gudstenester/ trusopplæring | 25 | | 27 | Kyrkjevertar, klokkarar, medhjelparar i dugnad og i trusopplæringa, på festar. |
| Misjonsavtale I samarbeid med dei andre sokna | 1 avtale | | 1 avtale | ----- |
| Innsamla beløp i kollekt totalt/ til kyrkja lokalt | 60 671 kr | | 72000 kr / 37 000 kr | ----- |
| Dåpshandlingar | 13 | | 10 | ----- |
| Konfirmerte | 17 | | 17 | ----- |
| Vigsla | 7 | | 6 | ----- |
| Forbønshandling for borgarleg vigde | ----- | | 1 | ----- |
| Gravlagde | 22 | | 17 | ----- |

Tal frå årsstatistikk 2023 og 2024:

Kommentarar til statistikk for 2024:

Tilsette trusopplærarar i kyrkja

Bryna Opdahl, Mampion Andriamandimby og Solveig Sangolt.

Konfirmantopplæringa

Kateket Mampion Andriamandimby har hatt denne. Konfirmantane var med på Fasteaksjonen der det kvart år blir samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp: Tal for totalt innsamla midlar i Strandebarm sokn: **2023:** 22 827 kr **2024:** 19 966 kr

Sundagsskule (sjå kommentar under diakoniarbeid)

Gudstenester er blitt haldne ca annankvar sundag, medrekna fellesgudstenester med Vikøy, Øystese og Ålvik sokn i skuleferiar og sommarmånadane.

Nokre gudstenester vart arrangerte mest med tanke på skuleelevar eller konfirmantar.

Andre typar gudstenester:

Pilegrimsvandring til Holsete 20.05.med ca 30 deltakarar. Også dette året kom det flest deltakarar frå andre sokn.

Soknerådet ynskjer at pilegrimsvandringa blir meir tilrettelagt for barn, gjerne med delvis eige opplegg, men med ei fellessamling på Holsete eller ved nokre av stoppestasjonane på veg oppover.

Friluftsgudsteneste: Vart ikkje arrangert dette året, men soknerådet ynskjer at denne fine tradisjonen held fram. Åse på Omastrand er ein eigna stad med grei parkering, grei tilkomst for rørslehemma, god uteplass, og moglegheiter for å få gå under tak ved dårleg ver. Det må sjølvstøtt avklarast med eigarar kvart år om det å ha gudsteneste der. Me er veldig takksame for velvilje og tilrettelegging me har opplevd ved tidlegare gudstenester!

Diakoniarbeid i kyrkjelyden:

Eit samarbeid mellom Strandebarm sokneråd, KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid) og Lions, Strandebarm førte til at det blei arrangert språktreff og sosialt samver med matsservering for nordmenn og innvandrarar på kyrkjelydshuset. Dette fekk nemninga Ope Hus, og var spesielt retta mot ukrainske flyktningar. Fleire av deltakarane fekk også praktisk hjelp av ulikt slag.

Ca 30 nordmenn og 15 ukrainarar var innoom på desse samlingane. Arbeidet er no avslutta, men initiativtakarane seier at det framleis er behov for å ha ein plass der nye tilflyttarar kan møta andre og få snakka norsk. Dei oppfordrar Strandebarm sokn til å

starta med temakveldar, t.d mat- og kulturkveldar med representasjon frå fleire land, der også bygdefolk deltek. Biblioteket i Strandebarm har no teke over ansvaret for språkopplæringa. Strandbermingar blir oppfordra til å møta.

Kyrkjekaffi: Sosial samkome bak ved kyrkjebordet etter gudstenesta betyr eit triveleg møte med andre kyrkjegjengarar. Det treng ikkje serverast mykje, og flott mat. Det viktigaste er å få prata ilag. Soknerådet vil gjerne at dette tiltaket held fram.

Enkel kveldsmat: Sundagsskulen har hatt sine samlingar på ettermiddag, kl 17.00-18.30. der samlinga har blitt avslutta med eit enkelt kveldsmåltid. Måltidet er viktig for å byggja relasjonar og det verkar som at foreldre og barn likar dette fellesskapet. Sundagsskulen planlegg også å ha fleire sosiale samver utover våren-25.

Det er vanskeleg for ein person å driva alt dette åleine. Margun Mikkelsen Tordal har hatt ansvar for tekstgjennomgåing med borna, og har hatt god hjelp til praktisk arbeid av Ingunn Sekanina. Nokre konfirmantar har også hjelpt til. Det var veldig oppmuntrande at yngre krefter ville koma og bidra. Me ynskjer fleire hender i dette arbeidet, og ber folk om å melda seg til teneste. Lita eller stor. Alt monnar.

Konfirmasjonsfest for årets konfirmantar og foreldre vart arrangert 24.04. Organisten vår, Ulf Krupka var med og akkompagnerte til songane.

Medarbeidarfest: Vart arrangert 16.09. Ca 20 deltakarar. Føremålet med festen var å visa takksemnd for alle som utfører frivillig arbeid i kyrkjelyden vår. Prestar og kyrkjetenar vart også inviterte. Det var matsservering og program. Det kom mange gode tilbakemeldingar frå folk som sette pris på å få delta. Dette arrangementet bør bli ein tradisjon.

Konfirmantjubileumsfest vart arrangert 24.11. Det kom til saman 27 personar. 10 frå 50- årskullet, 16 som var 60-årsjubilantar og 1 person møtte som 70- årsjubilant. Det var god stemning og mange menneske som var glade for at festen blei arrangert. Det kom tydelege signal på at festen vart arrangert for seint på året. Dette får me ta lærdom av, og ha den i september når soknerådet har kome i gong igjen etter ferien. Kyrkjekontoret vårt gjer ein stor jobb med å finna adresser til alle som skal inviterast. Takk til dei!

Vøle av orgelet i kyrkja:

Ei nemnd er blitt oppretta og har desse medlemmene: Oddvar Brakestad (leiar), Olav Tombre, Anne Knutsson, Hallgeir Aase, Ulf Krupka (organist) og Margun Mikkelsen Tordal (repr. frå soknerådet). Målet er å samla inn 1,1 mill kr til september 2025. Ryde & Berg orgelbyggeri har kome med tilbod som orgelnemnda har godkjent.

Det krevst mykje arbeid å samla inn såpass stor sum, og orgelnemnda er takksame for all økonomisk støtte, små og store summer. Planen er at orgelet skal vera oppgradert til kyrkjejubileet i august 2026.

Ytre takvøle av kyrkjetaket.

Kyrkjeverja vår, Olav Skeie Lid har laga eit samandrag av rapport om stoda for kyrkjetak og tårn:

Notat om restaurering Strandebarm kyrkje

På bakgrunn av ein tilstandsrapport frå 2022, søkte me hausten 2023 om å få bli med i eit program frå riksantikvaren som var retta mot ivaretaking og reparasjon av gamle kyrkjetak. Me fekk napp, og fekk tilsagn om kr 1,5 mill til dette knytt opp til Strandebarm kyrkje – til vår eiga store overrasking. Kommunen forstod teikninga, og løyvte i sitt budsjett for 2024 kr 6 mill til dette arbeidet, noko som var ein føresetnad frå riksantikvaren.

Dernest gjekk me i gang med prosjektering av prosjektet, og utlysing av anbodskonkurransar. H2 Hardanger vann konkurransen om å vera prosjektleiar og tilretteleggjar, og Hardanger og Voss museum trekte lengste strået i neste omgang når det galdt kven som skulle utføra sjølve arbeidet.

I skrivande stund er det heile i startgropa, og oppstart er venta i mars 2025, med ferdigstilling august 2025. Det som skal gjerast:

- Ta ned alle hellene på hovudskip, kor og sakristi, og leggja dei opp att på same viset, men med nye spikrar. Skifta dårlege heller, men dei fleste er godt brukande om att.
- Skifta eksisterande tårnhjelm. Denne er av kopar, og treng å bytast ut. Det grønne spiret kjem til å bli skinande blankt!
- Skifta/reparera alle vindaugo i tårnet.
- Byta dårleg bordkledning på tårnet.
- Skifta alle beslag og vannbord.
- Byta alle takrenner.
- Ta ut gammal isolasjon på loftet, og byta denne ut med ny og betre.
- Mala tårnet.

Etter tildelinga frå riksantikvaren, fekk me tips om at også kyrkjebevaringsfondet kunne støtta oss i dette arbeidet. Me søkte, og fekk tilsagn om at dei ville kosta halve vøla, inntil kr 4,5 mill! Kommunen jubla – dette gjer deira del av prosjektet betydeleg mindre. Nett no arbeider eg difor med å prøva få kommune og kyrkjebevaringfondet med på å utvida tiltaket til også å gjelda:

- Nye benkeomnar skrudde opp i benkene, i staden for dei brannfarlege som står på golvet i dag.
- Utbetring og utskifting av brannvernanlegget i kyrkja, med ny sentral og nye detektorar.

Det er uvisst om dette siste vert godkjent med i prosjektet, men sidan tilbodssummen frå Hardanger og Voss museum var relativt behageleg, så er det freistande å sjå om me

kan få lirka dette siste inn i prosjektet også, slik at me kan få utnytta det potensielle tilskotet.

Norheimsund, 13. februar 2025

Olav Skeie Lid

Vøle av golv i kyrkjelydshuset: Golva i storesalen og på kontoret på kyrkjelydshuset blei hausten -24 slipte og polerte på nytt. Styret i kyrkjelydshuset, saman med andre frivillige, gjorde ein stor innsats over mange dagar for å få golva fine. Soknerådet er svært takksame for arbeidet styret gjer for å vedlikehalda huset!

Oppsummering:

Alt i alt kan ein seia at det har føregått mykje forskjellig arbeid i Strandebarm sokn i 2024. Kyrkja og kyrkjebygningen betyr mykje for strandbermingane. Det synte seg i engasjementet bygdefolket la for dagen då flaumljoset blei slått av før jul.

Mange har også svara ja til å vera med i nemnd for kyrkjejubileum 2026.

Dei ytre rammene for arbeidet er svært gode, med eit velfungerande og fint kyrkjelydshus, og etterkvart eit oppgradert orgel og kyrkje.

Strandebarm sokneråd er svært takksam for alle frivillige som stiller opp i gudstenester og anna arbeid. Me skulle ynskja at det kom fleire menneske på gudstenestene, og soknerådet vil heile tida arbeida med spørsmål omkring dette, for å få fleire engasjerte i kyrkjelydsarbeidet.

Me ynskjer også å ta vare på konfirmantane våre på ein god måte, og stiller oss sjølve spørsmål om korleis engasjera dei etter at konfirmasjonstida er over.

Dei eldre i kyrkjelyden har eit fint tilbod om sosialt samver gjennom pensjonistlaget i Strandebarm, men kan hende det er bruk for enno fleire sosiale møteplassar i kvardagen? Soknerådet tar gjerne imot innspel frå denne aldersgruppa.

For Strandebarm sokneråd

Margun Mikkelsen Tordal

15.02.25